

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 02.10.18

Vår ref. 954/18/BSI/5.7.12

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 18/12148)
v/ Ola Midttun

Lindås kommune (ref.18/2444-18/28705)
v/ Christian H. Reinshol

Hordaland Fylkeskommune (ref. 2018/12610-2)
v/ Vibeke Lokøy

Fylkesmannen i Hordaland

e-mail

LINDÅS, EIKEBÆRÅNÆ – SØKNAD OM AREAL- OG BIOMASSEENDRING

Viser til brev av 24.08.18, med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest, og av 21.09.18 frå Lindås kommune vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar.

I tillegg får ein no ein del søknader om løyve til å oppdrette andre artar, t.d. tang, tare, blåskjel o.l. «samlokalisert» på eksisterande lokalitetar med laks, men òg på nye lokalitetar.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit større område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø. Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny/justert plass.



Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk. Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusingsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013.

IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einskilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>.

Ein nyttar òg andre avlusingsmiddel og kombinasjonar av avlusingsmiddel/»off-label», som ein ikkje kjenner konsekvensane av for det marine liv. I tillegg kan det sjå ut som om hydrogenperoksid ikkje er så ufarleg som styresmaktene tidlegare har hevda, jf. pressemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet i høve bruk av føre-vår-prinsippet for dumping av lusemiddel; <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/foreslar-strengere-regler-for-bruk-av-lusemidler/id2612098/>

Det kan òg nemnast at ein har funne ut at kobbar (som er brukt på mêrdane) ikkje går saman med avlusingsmetoden ved bruk av hydrogenperoksid, jf. <http://kyst.no/nyheter/kobber-og-hydrogenperoksid-gar-ikke-godt-sammen/#.VyECUf8T9B0.gmail>

I høve miljø må ein òg ta med at mêrdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersystema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyingar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Eikebærånæ

Det er her søkt om biomasseendring frå 1.560 til 3.120 t. Ein søkjar samstundes om å skifte ut det eksisterande stålanlegget til 6 plastringar i 90 x 90 m rammer, samt at förflåten skal liggje på sørsida av anlegget.

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert område for passiv reiskap (lange) like ved anlegget sine fortøyingar, jf. vedlagde kart. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert på desse karta, jf. at ein i tillegg har «nye» fiskeri som leppefiske, fiske etter kreps. Sjølve overflateanlegget ligg innafor akvakulturområde i kommuneplanen.

Dei omsøkte fortøyingane, inklusiv sjølve anlegget, vil utgjere eit større område enn dagens anlegg.

Når ein ser dei næraste anlegga samla, så beslaglegg fortøyingane eit stort område, jf. vedlagde kart.

Søkjær ber om at biomassa på 3.120 t skal vurderast samla mellom lokalitetane Eikebærånæ og Fyllingsnes. Rett styresmakt må uttale seg i høve kor mykje eit større område toler av oppdrett/utslepp då det ligg fleire lokalitetar i nærleiken, jf. vedlagde kart. Ein har fått opplyst at det til tider flyt ei «fettrand» på vassoverflata.

Ein meiner at om ein aukar biomassa på Eikebærånæ bør ein slette/ta vekk, og rydde, lokaliteten Fyllingsnes, slik at ein frigjer område til fiske.

Elles visar ein til dei generelle merknadene.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.


I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Med helsing
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag



1	Oppdragsnavn og bunnkartlegging	23.11.2017	HVA
2	Utgitt for kommunen av	04.08.2017	HVA
Rev.	Endring	Dato	Sign.
		23.11.2017	HVA ASE
Oppdragsnavn			
Eide Fjordbruk AS			
Toska teige			
Magnus Valen			
Høystokk			
A3 - 1 : 6 000			
Tegningsnr.			
Eide Fjordbruk AS		1063	A 103 1



1777181492ce-4f-9d49-f318-60d8-70d871a-11c14d7474



Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Fiskeridir.	60°33,806'	5°21,181'	°:	°:
Midtpunkt	60°33,742'	5°21,332'	°:	°:
NV	60°33,822'	5°21,179'	°:	°:
NØ	60°33,850'	5°21,370'	°:	°:
SØ	60°33,664'	5°21,485'	°:	°:
SV	60°33,636'	5°21,295'	°:	°:
1	60°33,822'	5°21,179'	60°33,883'	5°21,143'
2	60°33,836'	5°21,274'	60°33,895'	5°21,238'
3	60°33,850'	5°21,370'	60°33,903'	5°21,338'
4	60°33,850'	5°21,370'	60°33,893'	5°21,679'
5	60°33,803'	5°21,399'	60°33,870'	5°21,795'
6	60°33,757'	5°21,428'	60°33,863'	5°21,861'
7	60°33,757'	5°21,428'	60°33,855'	5°22,011'
8	60°33,711'	5°21,457'	60°33,852'	5°22,038'
9	60°33,711'	5°21,457'	60°33,805'	5°22,335'
10	60°33,664'	5°21,485'	60°33,793'	5°22,343'
11	60°33,664'	5°21,485'	60°33,739'	5°22,394'
12	60°33,664'	5°21,485'	60°33,420'	5°21,818'
13	60°33,664'	5°21,485'	60°33,405'	5°21,637'
14	60°33,650'	5°21,390'	60°33,399'	5°21,588'
15	60°33,650'	5°21,390'	60°33,387'	5°21,466'
16	60°33,636'	5°21,295'	60°33,381'	5°21,436'
17	60°33,636'	5°21,295'	60°33,391'	5°21,159'
18	60°33,636'	5°21,295'	60°33,476'	5°20,449'
19	60°33,636'	5°21,295'	60°33,511'	5°20,419'
20	60°33,683'	5°21,266'	60°33,552'	5°20,366'
21	60°33,683'	5°21,266'	60°33,584'	5°20,320'
22	60°33,729'	5°21,238'	60°33,614'	5°20,343'
23	60°33,729'	5°21,238'	60°33,637'	5°20,338'
24	60°33,775'	5°21,208'	60°33,651'	5°20,334'
25	60°33,775'	5°21,208'	60°33,790'	5°20,528'
26	60°33,822'	5°21,179'	60°33,804'	5°20,535'

UTM
Fiskeridir
°: N

Strømmåler

100
1000



Punkt/Line	START		SLUTT	
	Breddegr.	Lengdegr.	Breddegr.	Lengdegr.
Fiskeridir.	60°33,806'	5°21,181'	°'	°'
Midtpunkt	60°33,628'	5°21,457'	°'	°'
NV	60°33,630'	5°21,441'	°'	°'
NØ	60°33,635'	5°21,468'	°'	°'
SØ	60°33,625'	5°21,474'	°'	°'
SV	60°33,621'	5°21,446'	°'	°'
F1	60°33,630'	5°21,441'	60°33,702'	5°20,670'
F2	60°33,630'	5°21,441'	60°33,768'	5°20,928'
F3	60°33,635'	5°21,468'	60°33,858'	5°21,908'
F4	60°33,635'	5°21,468'	60°33,851'	5°22,077'
F5	60°33,625'	5°21,474'	60°33,503'	5°22,264'
F6	60°33,625'	5°21,474'	60°33,427'	5°21,904'
F7	60°33,621'	5°21,446'	60°33,394'	5°21,294'
F8	60°33,621'	5°21,446'	60°33,395'	5°20,972'


	UTM	UTM
Fiskeridir		
	°' N	°' Ø

Strømmåler





FISKERIDIREKTORATET



- A - områder
- B - områder
- C - områder
- Gytefelt torsk MB
- Gytefelt torsk MB
- Gyteområder
- Gyteområde
- Oppvekst - beiteområde
- Oppvekst - beiteområde
- Fiskeplasser - Aktive redskap
- Fiskeplass - aktive redskap
- Fiskeplasser - Passive redskap
- Fiskeplasser - passive redskap
- Rekefelt - Aktive redskap
- Fiskeplass - aktive redskap
- Låsettingsplasser
- Låsettingsplasser
- Skjellforekomst
- Skjellforekomst
- NYTEK flåte fortøyningslinjer
- NYTEK flåte fortøyningslinjer
- NYTEK fortøyningslinjer
- NYTEK fortøyningslinjer
- Flåte ihht Akvakulturreg.
- Klarerte ytterpunkt
- Lokalitet trukket tilbake



FISKERIDIREKTORATET

